



Utval:	<b>Eldrerådet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	20.04.2018
Tid:	09:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Svein E. Misund	MEDL	
Anne Kari Heggdalsvik	MEDL	
Karle Lervik	MEDL	

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Reidun Marita Seth Akselvoll	MEDL	
Gunnlaug Tangen	MEDL	

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Rolf Heggdal		

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Svein E. Misund

Anne Kari Heggdalsvik

Karle Lervik

Rolf Heggdal

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 18/1	Godkjenning møteprotokoll	
PS 18/2	Referatsaker	
PS 18/3	Årsmelding 2017 - Eldrerådet	2018/13

Det vart halde møte i Eldrerådet den 20.04.18 ved Midsund omsorgsenter. Møtet vart leia av Svein E. Misund og tok til kl 9:00.

Gunnlaug Tangen og Reidun Marita Seth Akselvoll hadde meldt forfall. Rolf Heggdal møtte som vara. Rådet hadde 4 voterande og var vedtaksfør.

Det vart delt ut ei skisse over forslag til Tusenårsplassen. Eldrerådet synes at forslaget ser bra ut og støtter dette.

Leiar i Eldrerådet Svein Misund ønskjer at det vert laga eit skriv til teknisk etat der ein ber om at ein får innsyn i saka der det vart gjort ny verdivurderingar av kommunale utleigebygg og som førte til at det vart ein kraftig auke i husleigesatsane.

Eldredagen 2018

Eldrerådet ønskjer å starte planlegginga av Eldredagen og fastset datoen til søndag den 30. september. Leiar tek kontakt med rektor for å reservere skulen denne dagen. Utvalsekretær tek kontakt med Pensjonistlaget for å høyre om dei vil vere med å arrangere.

Rådman Ketil Ugelvik orienterer om den økonomiske situasjonen for kommunen.

Eldrerådet lagar eit notat med uttale om organisering og samansetjing, val, møter, sekretærordning, arbeidsmåte og økonomi. Dette vert sendt til leiar i Molde Eldreråd som samordnar uttaler frå Molde og Nettet og sender vidare til prosjektleiar i Nye Molde kommune.

### **PS 18/1 Godkjenning møteprotokoll**

#### **Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 20.04.2018**

Protokoll frå møtet den 30.11.2017 vart godkjent.

### **PS 18/2 Referatsaker**

## **PS 18/3 Årsmelding 2017 - Eldrerådet**

### **Forslag til vedtak:**

Årsmeldinga for 2017 frå eldrerådet vert godkjent.

### **Behandling i Eldrerådet - 20.04.2018**

Forslag til Årsmelding vart gjennomgått og det vart gjort nokre justeringar i teksten.

### **Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 20.04.2018**

Årsmeldinga for 2017 frå eldrerådet vert godkjent.

Møtet vart heva kl 11:40.